



Ikkje vanskeleg å sjå at humøret og stemningen var på topp på grautfesten også i år!(Foto: Elin Enes)

Etter øvinga i kveld samla alle musikantane og aspirantane i skulemusikken seg til den populære, årvisse og tradisjonsrike grautfesten. Denne festen har vore eit fast innslag i skulemusikken i førsjultida sidan først på 1980-talet. Vi snakkar altså her om ein tradisjon som har vorte godt innarbeidd gjennom heile 30 år. Festen var hos Elin`s Matgleder.

Det vert meldt at programmet var etter same leist som dei føregåande åra slik det skal vere i ein tradisjonsrik fest som dette. Dei kosa seg med god graut, og sjølvstekt mandel i den. Som drikke var det naturleg nok julebrus.

Leiaren i skulemusikken Haldis Åkra hadde laga ein kjekk quiz. Ho organiserte både denne og ein annan konkurranse. Elles fekk alle klapp på skuldera og ros for den store innsatsen dei hadde gjort både musikalsk, og ikkje minst ved salg av den populære adventskalendaren. Før dei kan ta ein velfortent juleferie, er det no litt øving, og så er det julekonsert i kyrkja.

Første grautfesten vart altså arrangert først på 1980-talet. Arne Terje Og Mari Haugland var sentrale då den vart avvikla. Arne Terje fortel at opptakten til festen var at Leif L. og Inger Haugland tilbød gratis melk hvis dei ville stella i stand noko for ungane. Dette vart starten på denne langvarige og populære tradisjonen i skulemusikken. Første åra var grautfesten i Helgheimskjellaren. Seinare var den mange år i AFA (no Kvinnherad Vekst) sine lokaler. Dei 2 siste åra har den vore hos Elin`s Matgleder.

Det hadde vore kjekt å ha hatt fleire detaljar om festen dei første åra. Kanskje ein av dei som var musikarar og deltakarar den gongen, kunne ha formidla dette? Det hadde vore kjekt!

Av: Thor Inge Døssland.